



DEN NORSKE KYRKJA  
Kviteseid Sokneråd

## Referat etter møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 4. oktober 2017 kl. 18.00

På kommunehuset i sal 'Fjågesund og Brunkeberg'

### Innkalla:

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen og Sokneprest Møyfrid Lunde.

Kommunens representant Tore Åsland (var med på FR-sakene)

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn.

Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

**Meldt forfall:** Hans Kristian Aabø.

Invitert til å delta på starten av møtet: Birgitte Nødland Danielsen

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Servering ved Gunn Karin Eikåsen.

I leiar Hans Kristian Aabø sitt fråvær, vart møtet leia av nestleiar Håkon Birkeland.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle)

Sak 59/17	Innkalling og saksliste	HKA
	<p><b>Forslag til vedtak:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Håkon Birkeland orientera om at SR leiar som ikkje var til stades under møtet, meiner at sak 64/17 bør trekkjast frå dagsorden. Håkon og kyrkjeverja meiner at den framleis bør handsamast og at ein heller kan gjere eit anna vedtak enn det føreslegne viss SR ynskjer det. SR var samde i det.</p> <p>NY sak 70/17 Besøk av Birgitte N Danielsen er lagt til fordi det var utegløymt frå innkallinga, men avtala på sist møte.</p> <p>Forslag til vedtak: innkallinga er godkjend, møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend med dei nemnde merknadane.</p> <p><b>Vedtak:</b> forslag til vedtak samrøystes vedteke.</p>	
Sak 60/17	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 30.08.2017	HKA

	<p><b>Forslag til vedtak:</b> Referatet frå 30.08.2017 sendt ut på mail 01.09.2017, vart godkjend. Kyrkjeverja ber om orsaking for at Gunn Karin Eikåsen ikkje vart innkalla til sist møte. Det var grunna feilskrivne e-post adresse. Ho har fått referatet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Som foreslege. Nokre av sakene orienterast om i Sak 61/17.</p>	
<b>Sak 70/17</b>	<b>Presentasjon av Birgitte Nødland Danielsen</b>	HB
	<p>Birgitte vart av Håkon Birkeland og soknerådet ynskja velkommen som tilsett i Kviteseid sokn som trusopplærar (15 % fast), og mellombels for eit år som sekretær i 15 % stilling på kyrkjekontoret.</p> <p>Birgitte fortalte litt om seg sjølv, og delte tankar om og erfaringar frå arbeidet og stillingane etter 2 mnd. arbeid.</p> <p>Soknerådet er takksame for det arbeidet Birgitte gjer og ynskjer henne lukke til vidare.</p>	
<b>Sak 61/17</b>	<b>Post og meldingar</b>	MG, KS
	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Marit Gotuholt (og andre) orienterar om føreståande arrangement: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. 17.9.: <i>Felleskyrkjeleg sangmøte i Kviteseid kyrkje kl. 16.00 med Hilde Sveta, Fredheimkoret.</i></li> <li>2. 12.11.: Jan Haugen mfl. konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00</li> <li>3. 10.12.: Emil Solli-Tangen konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00. Er konsert på Sundvang same kveld, eventuelt byte dag? Marit undersøker litt.</li> <li>4. 17.12.: Den årlege JULEKONSERTEN i kyrkja</li> </ol> </li> <li>2. Påmelde til Gullkonfirmantfest pr. 4.10.: 22 + 3 følgje, av tot. ca. 85inviterte. Vidare handsaming etter spørsmål frå Magnhild K.: Kyrkjelydsutvalet ordnar mat og praktisk, Hans Kr. Aabø leiar samlinga, Hadle H. freistar finne nokon av konfirmantane til å koma med helsing. Soknepresten kjem med helsing, prest og organist spelar saman, og Dagfinn til et par (?) songar.</li> <li>3. Frå førre møte: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sak 48/17: Søknad til kommunen om kr 130.000 ekstra bevilling til blyglas vindauga: Gjekk gjennom i formannssakpet, venter på KS 19.10 for endeleg vedtak.</li> <li>2. Riksantikvaren har no godkjend det planlagde arbeidet med blyglasa. <i>Kviteseid glasservice as</i> har difor i dag fått klarsignal til å fortsetja med arbeidet. Brannvarslingsanlegget i Kviteseid kyrkje er snart ferdig montera av <i>Dyrud Elektro</i>.</li> <li>3. Sak 53/17: Utleigereglementet er godkjend med nokre små merknader som rettast opp i vårt utleigereglement.</li> </ol> </li> <li>4. For ei tid sidan vart prestenes beredskapsdistrikt utvida til å gjelde heile Telemark. Nå fra 1. oktober er Telemark igjen blitt delt i to. Lengst sør vert eit for seg, og Aust, Vest- og Midt Telemark eit, så det er framleis større enn berre Vest-Telemark. Møyfrid risikerer å måtte rykke ut til Notodden, Tinn, Vinje, Fyresdal og oss litt nærare.</li> </ol>	

	<p>5. Lokale lønsforhandlingar vart gjennomført for dei tilsette i trå med KA sine retningsliner. Sentralt var det for 2017 vedteke at 0,9 % av lønsmassen i 2016 skulle forhandlast om i 2017. Lønspotten på kr 11.415 vart fordelt i høve til resultatet av forhandlingane.</p> <p>6. 160 festefakturaer er sendt ut, og endringar som fylgje av dette vert følgt opp. Ytterlegare 40 festere må erstattast eller finnast nye adresser på før utsending.</p> <p>7. <i>Oppført som info etter møtet:</i> Golvet i Brunkeberg kyrkje-kjellar er støypt og ventar på legging av fliser.</p>	
<b>Sak 62/17 FR</b>	<b>Rekneskapsrapport januar-august 2017</b>	<b>KS</b>
	<p>Rekneskapsrapport frå økonomileiar i kommunen pr. august 2017 ligg ved. Det syner at avdelingane samla sett og kvar for seg ligg innanfor berekna forbruk på løn (63 %), og med unntak av sommarhjelpar innanfor budsjett. Driftsresultatet er samla på 71 %, mens det ideelle hadde vore maks 66 %. Det skuldast i all hovudsak kyrkjelydsturen som ikkje var budsjettert og er førd i avdeling <i>113 Andre kyrkjelege formål</i>. Turen aleine gjekk i balanse. På same avdeling er ikkje faktura for konf.leir i sommar motteken og difor heller ikkje førd. Under <i>112 Kyrkjegardar</i> kjem større beløp frå festeavgift og gravlegat ført seint på året.</p> <p><i>Vedlegg: Driftsrapport Kyrkja 2017-08</i></p> <p><b>Kyrkjeverja si innstilling:</b> Soknerådet tek orienteringa om driftsrekneskapet for januar-august 2017 til vitande.</p> <p><b>Vedtak:</b> Soknerådet tek orienteringa om driftsrekneskapet for januar-august 2017 til vitande.</p>	
<b>Sak 63/17 FR</b>	<b>Investeringsplan 2017-2022</b>	<b>HKA</b>
	<p>Svar på kyrkjas søknad til kommunen om ekstraløyving til blyglasvindaugene vert/vart handsama i samband med revidert budsjett i kommunen for 2017, 29.september. Resultatet bør difor ligge føre til soknerådsmøtet. Handsaming av det vert i forhold til svaret.</p> <p>Bestilla rapport om tilstand på taka på fleire av kyrkjene, vart motteken 19.09.2017 (og sakspapira her ferdigskrevet av kyrkjeverja 20.9). Rapportane beskriver omfang på naudsynt arbeid, og to av dei har eit anslag. Det siste er bare estimert av kyrkjeverja. I tillegg på investeringsplanen er det satt opp nytt flistak på Brunkeberg kyrkjetårn og automatisk ringeanlegg til Kviteseid kyrkje.</p> <p><i>Vedlegg: Investeringsplan 2018-2022</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet vedtek den framlagde investeringsplanen for Kviteseid sokn.</p>	

	<p><b>Handsaming under møtet:</b> Formannskapet har vedteke ekstraløyvinga. Kommunestyret gjer vedtak i saka 19. okt. Etter ein runde til med takstmann, fekk vi kostnadsoverslag på arbeidet med tak-konstruksjon i Brunkeberg kyrkje. Kyrkjevevja hadde anslått til kr 600.000 som vedlegget viser, takstmannen sette opp kr 680.000. Det føres inn i planen.</p> <p>Prioriteringane vart drøfta, og både kyrkjene og dei tilsette er viktig å ta omsyn til. Spesielt Kviteseid gamle kyrkje krev særleg merksemd. Å skyve heile arbeidet med taket så langt fram er kanskje ikkje lurt. Det viktigaste setjast opp i 2018. Når soknet bruker så mykje over tid frå disposisjonsfond, er det viktig og å fylla på dette fondet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Soknerådet vedtek den framlagde investeringsplanen for Kviteseid sokn med dei endringar som er gjort i møtet.</p>
<p><b>Sak 64/17 FR</b></p>	<p><b>Kompensasjon for noter frå organist Dagfinn Køhn</b></p> <p style="text-align: right;">HB</p>
	<p>Dagfinn Køhn har i 2017 vore organist i Kviteseid i 30 år. (Det er 33 år sidan han vart tilsett (01.08.1984), men han hadde ein 3 års permisjon frå 1987-1990). I mange år har han privat betala for noter til kyrkjekoret og til preludium og postludium, og på den måten spara kyrkja for mykje pengar. Allereie i 2002 vart det frå Dagfinn lagt fram ynskje om at fellesrådet kjøpte orgelnotesamlinga. Det vart ikkje noko av då. Samstundes har kyrkja i mange år fått tilskot til kyrkjemusikk. Kr 70.000 stod på eigen konto i banken fram til samanslåing av sokna i 2016, og står nå på felles kapitalkonto for fleire bunde fond i nye Kviteseid sokn. (sjå SR/FR-sak 33/16) Utbetaling av desse oppsparte midlane i sin heilheit til Dagfinn Køhn vil dekkje bare litt av alle kostnadane han har hatt med innkjøp av noter for arbeidet i 30 år. Utbetaling frå bunde fond krev eit vedtak om det i soknerådet.</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet vedtek at kr 70.000 utbetalast som eit eingongs beløp til organist Dagfinn Køhn som kompensasjon for private utlegg for abonnement på noter i arbeidet gjennom 30 år i Kviteseid. Notesamlinga med pre- og postludium står i dag i Kviteseid kyrkje og tilfell Kviteseid sokn. Pengane tas frå bunde fond i Kviteseid sokn.</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Håkon Birkeland og kyrkjevevja freista så godt som mogleg å gjere greie for saka, også for i høve til SR-leiar Hans Kr. Aabø sine meiningar i hans fråvær. Soknerådet hadde mange spørsmål til avklaring, og kyrkjevevja hadde utfyllande informasjon frå organisten. Dei to abonnementa har dei tre siste åra kosta om lag kr 6300 kvart år, og sjølv sagt noko lågare jo lenger tilbake ein går. Bare sidan 1994 er det brukt over kr 100.000 på dette. Då alle kontoar til dei forskjellige sokna i 2016 vart samla, vart det nemnt i merknader at desse oppsamla midlane skulle brukast til å kjøpe notesamlingane frå Dagfinn Køhn. Jf. sak 33/16 med vedtak 1/6-16.</p>

	<p><b>Vedtak:</b> Soknerådet vedtek at kr 70.000 utbetalast som eit eingongs beløp til organist Dagfinn Køhn som kompensasjon for private utlegg for abonnement på noter i arbeidet gjennom 30 år i Kviteseid. Notesamlinga med pre- og postludium står i dag i Kviteseid kyrkje og kor-notesamlinga står på organistens kontor. Alle notane tilfell ved dette Kviteseid sokn. Pengane tas frå bunde fond i Kviteseid sokn.</p>	
<b>Sak 65/17 FR / SR</b>	<b>Saker frå partssamansett utval (PU)</b>	<b>HB</b>
	<p>PU hadde 25. september møte om løns- og arbeidstilhøva for kyrkjevevja og organisten.</p> <p><i>Vedlegg:</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b></p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Ingen dokument vart utsendt på førehand. Ei av fleire saker vart ferdig og lyder slik frå PU:</p> <p>Lønsending for organisten : Ut frå ei samla vurdering ynskjer PU å endre løna til organist Dagfinn Køhn. Dagfinn er no 66,5 år gamal og me ynskjer at han skal fortsette enno nokre år. Eit samla PU ynskjer å auke løna hans med kr. 20.000,- pr. år.</p> <p><b>Forslag til vedtak: Kviteseid sokneråd justerer løna til Dagfinn Køhn opp med kr 20.000,- med verknad frå 1.1.2018.</b></p> <p>Soknerådet er takksame for alle år Dagfinn Køhn har tent som organist i Kviteseid og vonar det kan bli fleire enno. For å syne si takkemd til Dagfinn og samstundes oppmoda han til å halda fram utover pensjonsalder, støtter soknerådet PU si innstilling. Vidare stilte soknerådet spørsmål ved om organisten var rett lønsplassert då KA innførde nytt lønssystem for nokre få år sidan, og ber kyrkjevevja undersøke det og kome tilbake til saka.</p> <p><b>Vedtak:</b> Kviteseid sokneråd justerer løna til Dagfinn Køhn opp med kr 20.000,- med verknad frå 1.1.2018. Kyrkjevevja undersøker om dagens lønsplassering er rett og fylgjer opp saka.</p>	
<b>Sak 66/17</b>	<b>Forslag til driftsbudsjett for 2018</b>	<b>HB/KS</b>
	<p>Vedlagt ligg forslag til detaljert driftsbudsjett for Kviteseid sokn avdelingsvis, samanlikna med tidlegare års budsjett og rekneskap. Soknerådet kan ikkje vedtaka budsjettet endeleg før kommunen har gjort vedtak om løyvingar. Difor kjem endeleg vedtak fyrst i januar 2018, innan ein månad etter at kommunen har gjort sine vedtak. Det er i forslaget tatt høgde for ein generell løns- og prisvekst på 1,5 % og generell auke i kommunens tilskot på 3,0 %.</p>	

	<p>Budsjettet kan heller ikkje setjast opp før resultatet frå 2017 ligg føre, av di meirforbruk eller underforbruk frå 2017 skal innarbeidast i eit balanserende budsjett for 2018.</p> <p>Lønsaukar etter lokale lønsoppgjer i september 2017 og annan forventa lønsauke etter sak 65/17 er medrekna.</p> <p>Førebels oppsett er avdelingsvis:</p> <p><i>110 Kyrkjeleg administrasjon</i> satt opp med kr 11.400 i overskot mot underskot på kr 50.000 i 2017,</p> <p><i>111 Kyrkjer</i> er satt opp med underskot på kr 70.500 (mot 166.600)</p> <p><i>112 Kyrkjegarder</i> overskot på kr 201.500 (mot kr 189.400), og</p> <p><i>113 Andre kyrkjelege føremål</i> underskot på kr 51.300 (mot kr 1.400)</p> <p>Resultatet frå 2016 på kr 152.100 i overforbruk utgiftsføres og disponerast i 2017, og tilsvarande må gjerast for 2017-resultat til 2018 budsjett.</p> <p><i>Vedlegg: Driftsbudsjett 2018</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet tek det framlagde budsjettforslaget til vitande.</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Etter klargjerande spørsmål, vart det gjort merksam på nokre naudsynte justeringar for å levere forslag til eit balansert budsjett til kommunen.</p> <p><b>Vedtak:</b> Forslag til driftsbudsjett for 2018 er avdelingsvis oppsett slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>110 Kyrkjeleg administrasjon</i> satt opp med kr 18.600 i underskot (mot kr 50.000 i 2017), <u>Kommunebidrag på kr 957.900 (930.000)</u></li> <li>• <i>111 Kyrkjer</i> er satt opp med underskot på kr 139.600 (mot 166.600), og eit <u>Kommunebidrag på kr 1.550.150 (1.505.000)</u></li> <li>• <i>112 Kyrkjegarder</i> overskot på kr 182.600 (mot kr 189.400), og eit <u>Kommunebidrag på kr 768.380 (746.000)</u></li> <li>• <i>113 Andre kyrkjelege føremål</i> underskot på kr 51.300 (mot kr 1.400), og eit <u>Kommunebidrag på kr 36.359 (35.300)</u></li> <li>• Samla bidrag frå kommunen på kr 3.312.789 (3.216.300), ein auke på 3 %</li> </ul>	
<p><b>Sak 67/17 FR</b></p>	<p><b>Plan for gudstenester 2018</b></p>	<p>HB</p>
	<p>Plan for forordna gudstenester i 2018 er klar frå samarbeidsmøte mellom soknepresten, kyrkjeverja og organisten. Sist nemnte innehar kunnskapen om dei gamle gode tradisjonane i Kviteseid.</p> <p>Vi trur det er ein god plan og at den er i samsvar med biskopens forordning.</p> <p>Fordelinga av dei 53 forordna gudstenestene er slikt fordelt mellom kyrkjene:</p> <p style="padding-left: 40px;">Brunkeberg: 10 Vrådal: 11 Fjågesund og Kilen: 5 og 2 Kviteseid 24 (derav 2 i gamlekyrkja) Utanfor soknet 1 (Diakoniens dag 8.4.2018 i Tokke)</p> <p>Legg særleg merke til høgtidene, der mellom anna alle kyrkjene har fått gudsteneste søndag 23.12. eller måndag 24. på julaftan.</p>	

	<p>Planen er sendt til dei andre kyrkjene og bedehusa som ein orientering slik at særleg Misjonshuset kan legge sine planer etter denne lista.</p> <p><i>Vedlegg: Plan for Gudstenester 2018 for Kviteseid sokn.</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet tek den framlagde planen til vitande.</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Forslaget til vedtak er feil. Soknerådet skal ikkje berre ta forslaget til vitande, men skal gjera eit vedtak om plan for gudstenestene i 2017 i trå med biskopens forordning. Planen vart drøfta og godkjend.</p> <p><b>Vedtak:</b> Soknerådet vedtek den framlagde planen for gudstenester for 2018.</p>
<p><b>Sak 68/17 SR</b></p>	<p><b>Saker frå sokneprest Møyfrid Lunde</b></p>
	<p>Sidan sist har soknepresten vore i kontakt med ulike grupper og gjort seg kjend med det samarbeidet som er.</p> <p>Ho har besøkt Midtsundtoppen og KOS og gjort avtale om besøk av organist og prest i oktober, november og desember. På Lundenjordet er det ei samling i halvåret.</p> <p>Det er gjort avtale om skulegudsteneste før jul med Brunkeberg oppvekstsenter, Kviteseid skule og Straumsnes oppvekstsenter. 1. klasse ved Kviteseid skule har vore på besøk i kyrkja i september.</p> <p>Presten har hatt møter med kyrkjelydsutvala i Brunkeberg og i Kviteseid og fått innspel derifrå. Det er gjort avtale om møte med utvalet i Vrådal. Ho har delteke på leiarmøte for sundagsskulen og samtala om samarbeidet omkring gudstenestene.</p> <p>«Ønsket og elsket» har samla prestane til evaluering av konfirmandleiren i sommar. Det er to ungdommar frå Kviteseid som følg leiaropplæring gjennom dette programmet i år. Ny dåpsliturgi er av kyrkjemøtet vedtatt innført innan 1. september. Denne vil bli brukt fyrste gong 15. oktober i Kviteseid.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det kom innspel om kyrkjelydsutvalet i Fjågesund, og presten vil ta initiativ til eit møte med desse.</li> </ul> <p><u>Utfordringar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det har vore gledeleg å sjå at <b>formiddagstreffet</b> samlar vidt og breidt. Her kjem mange frå Midtsundtoppen og folk frå fleire av bygdene. Dei treng fleire som kan stelle i stand og køyre. Siste samlinga før jul skal være 20. desember, og ikkje 13. desember som det står i siste kyrkjebladet.</li> <li>• Det er ikkje funne gjeldande <b>plan for samarbeid skule, kyrkje og barnehagar</b>. Presten ynskjer å arbeide med dette i løpet av året for å setje ned klare avtalar om det samarbeidet som er.</li> <li>• 29. oktober er det stor <b>jubileumsfeiring i Notodden</b>. Denne er felles for alle kyrkjelyder og retter seg mot heile familien. Det hadde vore kjekt om me kunne reisa fleire biler herifrå.</li> <li>• <b>Til gudstenesta</b> treng me fortsatt fleire friviljuge medarbeidarar som forbedarar og tekstlesarar m.a. Det kan vere både unge og vaksne. Presten vil gjerne ha innspel om nokon ynskjer å bidra også med andre ting.</li> <li>• Presten har møtt frivilligkoordinator, Tordis Heggveit Stenrud, som tar imot innspel frå ulike grupper og formidlar dette vidare. Det er kome ynskje om <b>leksehjelp til 5.-7. klasse</b>. Fredheim tilbyr dette fem tysdagar i haust, og ho seier det kan vere eit mål å kunne tilby leksehjelp kvar tysdag ved hjelp av andre grupper eller friviljuge. Er dette noko som kyrkja vil engasjera seg i?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>«Ønsket og elsket»</b> gjer leiaropplæring til ungdommar i heile distriktet. Presten er utfordra til å delta på helgesamlingar av ulike slag i denne forbindelse. Det er ikkje alltid mogleg å kombinera med gudstenester og anna arbeid i soknet. Om det er vaksne friviljuge som kan tenke seg ei teneste med å delta på nokre av desse samlingane og kursa for ungdommane, er det flott. Elles vil presten ta opp med prosten i kva grad ein kan innfri forventningane om deltaking på desse samlingane no som ein sit att med bare ein prestestilling i kommunen.</li> </ul> <p>Det blei stilt spørsmål om presten finn tid til å besøke grupper og lag. Ho har vært i nokre grupper allereie. Det er gjort ein fordeling mellom Birgitte (trusopplærar) og Møyfrid om kven som følg opp dei ulike gruppene som er knytta til trusopplæringsplanen. Presten vil halde kontakt med leiarane i gruppene ho har ansvar for, og sørge for at alle døypte og tilhøyrande barn eller ungdom i rette alder får invitasjon til å vere med. Men elles er det kapasiteten til presten som avgjer om ho kan kome på besøk i alle grupper som ynskjer besøk av henne.</p>	
<b>Sak 69/17</b>	<b>Eventuelt</b>	HB
	<p>Neste ordinære møte i soknerådet vert etter tidlegare vedtak 29. november 2017.</p> <p>Forslag til møte-datoar i 2018: 10. januar, 28. feb., 25. april, 13. juni, 22.aug., 3. okt. og 21. nov.</p> <p><b>Vedtak:</b> Møteplanen for 2018 vart samrøystes godkjend.</p>	

KS og GKE